

## Sak 7 handlingsplan

### **Innstilling:**

Årsmøtet vedtek følgjande tiltak for 2020:

- Male og setje i stand dukkestova i Dalhjellevegen
- Felle grantrær i krysset under Elihaug (på vilkår av at ein får løyve frå naboane)
- Rydde fotballbana i Nilstræet og fikse dekket
- Kasse med kodelås til utstyr i lavvoen
- Brunsnegle-aksjon 2.0 med bryggeri-mask

Og følgjande vedlikehaldstiltak:

- Impregnere duk, olje stokkar og vedlikehalde saumar på lavvoen
- Beising av leikeapparat og benkar

Tiltaka vil bli gjennomført med atterhald om dugnadsinnsats og budsjettdekning.

I tillegg vil årsmøtet at styret tek initiativ til ein internasjonal fest i Nilstræet. Kan vere i samband med dugnad eller Jonsok-feiring.

**Saksutgreiing:**

I innkallinga til årsmøtet blei grendalaget oppmoda med å komme med forslag til prioriterte saker i 2020. Det har pr 18.2 ikkje kome inn forslag. Styret fremjar derfor sine forslag til prioriterte saker for grendalaget 2020.

Årsmøtet blir invitert til å endre prioriteringa eller komme med nye forslag.